



Møteprotokoll

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Formannskapssalen, rådhuset
Dato:	23.03.2026
Tid:	kl 15:30 - 19:30

Faste medlemmer som møtte:

Namn:	Funksjon:	Representerer:
Olav Harald Ulstein	Ordførar	FRP
Arve Ekornes	Medlem	FRP
Birgitte S. Bonesmo	Medlem	H
Torill Velle	Medlem	H
Clara Aarseth-Strømmegjerde	Medlem	AP
Hans Petter Brunstad Sørensen	Medlem	AP
Anita Bente Kjersheim	Medlem	SP
Ole Kjell Eidem	Medlem	SP

Forfall:	Parti	Varamedlem	Parti
Jarle Strømmegjerde	H	Frank Kjøde	FRP

Andre som møtte:

Torbjørn Emblem	kommunedirektør
Henning Leiv Pilskog	kommunalsjef helse
John Henrik Welle	økonomisjef
Odd Jostein Drotninghaug	kommunalsjef samfunn
Torill Skjeret	møtesekretær

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-15/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS-16/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-17/26	Referatsaker
RS-06/26	Orientering om reguleringsplan sentrum - offentlig regulerte parkeringsplassar
RS-07/26	Orientering omkring pleie / omsorg - status og vidare planar
RS-08/26	Tilskot til tryggare skuleveg
PS-18/26	Planstrategi 2024 - 2027
PS-19/26	Veglys i kommunen
PS-20/26	Dagsturhytte Sykkylven kommune - vidare plan og gjennomføring
PS-21/26	Tilskot - Sykkylvsdagane 2026
PS-22/26	Vedtaksreknekskap 2. halvår 2025
PS-23/26	Fullmakt til ekstraordinær generalformsamling - Storfjordsambandet AS
PS-24/26	Månadsrapportering / oppfølging til formannskapet 2026 - mars månad.

15/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

23.03.2026 Formannskapet

Behandling

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

FSK - 15/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre.

16/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

23.03.2026 Formannskapet

Behandling

Det var ingen merknader til protokollen.

FSK - 16/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

17/26 Referatsaker

23.03.2026 Formannskapet

Behandling

FSK - 17/26 Vedtak:

Referatsaker vert tatt til vitende.

06/26 Orientering om reguleringsplan sentrum - offentlig regulerte parkeringsplassar

23.03.2026 Formannskapet

Behandling

07/26 Orientering omkring pleie / omsorg - status og vidare planar

23.03.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunalsjef helse Henning Pilskog orienterte og svarte på spørsmål saman med kommunedirektøren.

08/26 Tilskot til tryggare skuleveg

23.03.2026 Formannskapet

Behandling

18/26 Planstrategi 2024 - 2027

23.03.2026 Formannskapet

Behandling

Formannskapet tilrår samrøystes: Som tilrådinga frå levekårsutvalet, som er lik tilrådinga frå nærings- og utviklingsutvalet.

FSK - 18/26 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Sykkylven kommunestyret vedtek Kommunal planstrategi for Sykkylven 2026-2027 i samsvar med vedlagt dokument «Kommunal planstrategi Sykkylven 2026-2027»

19/26 Veglys i kommunen

23.03.2026 Formannskapet

Behandling

Formannskapet tilrår samrøystes: Som tilrådinga frå Nærings- og utviklingsutvalet

FSK - 19/26 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Sykkylven kommune vedtek å overføre veglys ein har driftstilskott på frå fylkeskommunen over på vegeigar.
 2. Administrasjonen får i oppdrag å gjennomføre møter med fylkeskommunen, med mål om å få meir av veglys langs fylkesveg over på vegeigar.
 3. Administrasjonen går gjennom veglys, som står på privat eigedom, med mål om at drifta skal over på den som eig vegen/området. (viss dei vi behalde veglysa)
- Unntak kan vere private vegar, som vert nytta av mange andre enn dei som bur i området.
4. Klager på vedtak i sakene, vert å handsame i NU.

20/26 Dagsturhytte Sykkylven kommune - vidare plan og gjennomføring**23.03.2026 Formannskapet****Behandling**

Formannskapet drøfta seg fram til slikt tillegg i pkt. 6 i tilrådinga frå levekårsutvalet: "i eiga sak"

Formannskapet tilrår samrøystes: som tilrådinga frå levekårsutvalet, med slikt tillegg i pkt. 6: "i eiga sak"

FSK - 20/26 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Sykkylven kommunestyre vedtek etablering av Dagsturhytte i Sykkylven med plassering på Aurenakken.
2. Hyttemodell og vidare framdrift slik det kjem fram i saka med vedlegg . Anbud vert å lyse ut i løpet av Q2-2026.
3. Finansiering vert gjort med tilskot, tippemidlar og låneopptak inklusiv forskottering av tippemidlar.
4. Låneopptak med inntil kr 600.000 i forskotteringslån av tippemidlar og inntil kr 250.000,- i kommunal andel på Dagsturhytta.
5. Lånevilkår i høve vedteke finansreglement og med løpetid på inntil 30 år.
6. Moglegheit for utarbeiding av universelt utforma sti blir vurdert i eiga sak.

21/26 Tilskot - Sykkylvsdagane 2026**23.03.2026 Formannskapet**

Behandling

Formannskapet tilrår samrøystes: Som framlegget frå kommunedirektøren.

FSK - 21/26 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Sykkylven kommunestyre vedtek å løyve inntil kr 75.000 til Sykkylven Handelsforening til Sykkylvsdagane 2026.
2. Dekning - sekkeposten politisk - kapittel 9 i driftsrekneskapen.

22/26 Vedtaksrekneskap 2. halvår 2025

23.03.2026 Formannskapet

Behandling

Formannskapet tilrår samrøystes: Som framlegget frå kommunedirektøren.

FSK - 22/26 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret tek vedtaksrekneskap 2. halvår 2025 til vitande.

23/26 Fullmakt til ekstraordinær generalforsamling - Storfjordsambandet AS

23.03.2026 Formannskapet

Behandling

Hans Petter B Sørensen tok opp spørsmål om habilitet som styreleiar i selskapet og gjekk frå. Formannskapet drøfta spørsmålet. Han vart samrøystes vedteken habil og deltok i handsaminga av saka.

Kommunedirektøren justerte sitt framlegg i møtet. Det justerte framlegget vart samrøystes vedteke.

FSK - 23/26 Vedtak:

1. Ordføraren får fullmakt til å delta i emisjonen/tilskot i Storfjordsambandet AS på vegne av Sykkylven kommune med inntil kr 250.000,-.
2. Emisjonen/tilskot vert finansiert med bruk av disposisjonsfond på inntil kr 250.000,-.

24/26 Månadsrapportering / oppfølging til formannskapet 2026 - mars måned.

23.03.2026 Formannskapet

Behandling

Samrøystes vedtak: Som kommunedirektøren sitt framlegg.

FSK - 24/26 Vedtak:

Sykkylven formannskap tek månadsrapport for mars måned 2026 til vitande.